



Illustrasjon: Arkikon

Rapport

Tilrettelegging av gravrøys og nausttuft på Rommetveit

ID 15870 Gravrøys
ID 45542 Langnaust

Statsbygg som grunneigar, Stord sogelag, Hordaland fylkeskommune, og Stord kommune har samarbeida om å rydde og skilte to arkeologisk kulturminne på Rommetveit. Villvettene barnehage kom til når sjølv ryddearbeidet ved nausttufta starta og har seinare adoptert område.

Gjennom bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne (BARK) 2016, fekk Stord kommune **kr 42 000** til tilrettelegging av gravhaug og nausttuft.

Prosjektgruppa

Ragnhild Lunde, Statsbygg,
Solveig Lohne Rongved, ved kultur og idrettsavdelinga Hordaland Fylkeskommune og
Atle Bjørn Mæhle, Stord sogelag,
Guri Andresen Aksnes, Kulturtenester, Stord kommune

Ansvarstilhøve

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum, har utarbeide skjøtelsplan for kulturminna, og har hatt ansvar for kvalitetssikring av alt arbeid med skjøtsel. Stord kommune er eigar av prosjektet og har hatt ansvar for koordinering og gjennomføring. Statsbygg som grunneigar, har ytt tilskot i form av å dekke kostnader til fundament på skilta, innkjøp av benk, og stilt med sine fagfolke til å rydde i områda. Stord Sogelag har delteke i planlegging og gjennomføring. Dei stilte sterkt i dugnadsarbeidet og har vore aktiv overfor skulane for å få dei engasjert til å delta i skjøtsel av kulturminna.

Kulturminne som læringsarena

Begge kulturminna var overgrodd og lite synlege. Både naust og gravrøys ligg svært fint til ved Langenuen med flott utsikt ut mot Huglo og Kvinheradsfjella.

Villvettene barnehage bruker område aktivt og deltek i vedlikehaldsarbeidet. Rommetveit skule er no engasjert i prosjektet. Forutan å bruke område som læringsarena, vil dei etter avtale med Statsbygg bidra i arbeid med skjøtsel av dei 2 kulturminna.

Atle Bjørn Mæhle, tidligare rektor ved Statsøvingssskulen Stord Lærarhøgskule og skulesjef i kommunen nytter pensjonstida på å oppdatere både elevar, studentar og lærarar til å ta kulturminna til bruk i undervisninga. Han tek dei med i område og gjev dei kunnskap og inspirasjon.

Skilting og bruk av området

Langnaustet og gravrøysa ligg tett opp til den kjente og godt brukte lærarskulehagen knytt til høgskulen på Rommetveit, og dei ligg tett mot gangvegen som går langs med sjøen og som er mykje i bruk. Likevel er det særst få som har kjent til at desse skattane ligg her som vitne om tidligare tider og aktivitet. No håpar me at folk vert merksame på kulturminna og tek dei i vare som fellesskapet sin arv.



Illustrasjon: Arkikon

Stord sogelag v/Atle bjørn Mæhle og Bård Gram Økland har gitt innspel til tekst. Illustrasjonar er kjøpt av Arkikon, og lokale trykkefirma og designbyrå, Byrået AS, har levert og sett opp skilt.

Kulturminna er synlege og merkte med skilt og flotte illustrasjonar.

Skilta var sett opp til 15. juni 2016 då Stord sogelag hadde tilstelling med vandring i området. Solveig Lohne Rongved var invitert til å fortelja om kulturminna. Det var ei spennande reise tilbake i tid for 60 tilhøyrarar.

Kostnad

Dugnadsarbeid / første gong skjøtsel	kr	7 200
Rydding – statsbygg	kr	9 000
Møteverksemd	kr	12 300
Administrasjon – Stord kommune	kr	20 000
Dugnad informasjonsarbeid- sogelaget	kr	7 000
Illustrasjonar - Arkikon	kr	15 000
Byrået design og profilering AS	kr	41 050
Universitetet i Bergen	kr	800
Fotoopptak Glasperler og bronsespenne		
Teks av Bård Gram Økland	kr	1 800
Grus /fundament	kr	8 500
Benk, montering/fastsetjing av benk	kr	5 500

Sum **kr 128 150**

Finansiering

Statsbygg	kr	28 000
Tilskott Bark midlar	kr	42 000
Stord kommune	kr	43 950
Dugnad	kr	14 200

Sum **kr 128 150**



Dugnad ved nausttufta



Gravrøys



Nausttuft



Stord, 7. oktober 2016

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent

